



Saksbehandlar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/532-1

Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane – 2017-2018.

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slike vedtak:

1. Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og UE vert godkjend.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen med Ugt Entreprenørskap, og til å gjere justeringar i avtaleteksten.

Vedlegg:

Samarbeidsavtale mellom UE og SFFK

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Ugt Entreprenørskap (UE) og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt avtale om årleg støtte på 900 000 kroner. I dette forslaget vil vi be om godkjenning av ein ny avtale med årleg støtte på 900 000 kroner for åra 2017 og 2018. Med denne avtalen kan UE fortsette å fremje entreprenørskap inn mot grunnskule, vidaregåande og høgskule. I vedteke budsjett for 2017 går det fram at hovudutval for næring og kultur har fullmakt til å godkjenne ein ny avtale for 2017 og 2018 innanfor ei årleg ramme på 900 000 kroner.

Historikk

UE er ein landsomfattande organisasjon som gjennom samarbeid med skular, næringsliv og andre aktørar jobbar for å utvikle kreativitet og skaparglede hos barn og unge. UE i Sogn og Fjordane er organisert som ei stifting, og vart oppretta i 2000. Fylkeskommunen var då ein av stiftarane saman med landbruksavdelinga til Fylkesmannen, Innovasjon Norge, Høgskulen i Sogn og Fjordane og NHO Sogn og Fjordane.

Sentralt i UE sine aktivitetar er bedriftsprogramma elevbedrift (grunnskulen), ungdomsbedrift (vidaregåande skule) og studentbedrift (høgare utdanning). Sjå meir informasjon på nettsida www.ue.no/Sogn-og-Fjordane.

Fylkestinget vedtok i 2011 ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og UE for åra 2012-2014. Etter dette gjekk fylkeskommunen inn i nye samarbeidsavtale med UE i 2015-2016. Storleiken på avtalene har vore på 900 000 kroner årleg sidan 2012.

Avtaleinnehald

Det er bygd vidare på avtalen for 2012-2014 og 2015-2016. Avtalen er meint å definere felles mål og retning for vidare arbeid. Avtalen bygger på det godt etablerte samarbeidet, handlingsplanen til Ungt Entreprenørskap og målsetjingane i verdiskapingsplanen.

Avtalen legg også opp til deltaking frå arbeids- og næringsliv i UE sine aktivitetar. I tillegg til at ein skal bidra til kompetanseheving av lærarar/møteplassar og legge til rette for samarbeid mellom relevante aktørar.

Det er lagt opp å fortsette arbeidet med å skape langsiktige rammevilkår for UE, og ein går difor inn ein avtale på to år. På grunn av uvisse i den framtidige økonomien til fylkeskommunen, legg ein inn ein klausul i avtalen som gjer at den kan avsluttast etter eit år. Dette i fall ein ikkje skulle ha midlar tilgjengelig i budsjettet for 2018.

Vurdering

Ungt Entreprenørskap er ein organisasjon som fylkeskommunen har samarbeida med over ein lengre tidsperiode. Avtalen er godt forankra i verdiskapingsplanen og er ei viktig satsing for å fremje entreprenørskap i grunnskulen, vidaregåande og høgskulen. UE er det beste verkemiddelet fylkeskommunen har for å følgje opp dette arbeidet. I tillegg er dei ein del av eit større nasjonalt nettverk som gjer at programmet deira alltid er aktuelt og faglig oppdatert.

Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å godkjenne den nye avtalen med Ungt Entreprenørskap.